



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato  
22.05.2015  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2015/7183  
Dykkar referanse  
«REF»

Til kommunane i Hordaland

### Retningsliner låge produksjonar og vanleg jordbruksproduksjon i søknad om produksjonstilskot

Å drive vanleg jordbruksproduksjon er eit grunnvilkår for å motta produksjonstilskot. Føretak som fell utanfor kravet om vanleg jordbruksproduksjon i ein eller fleire produksjonar har ikkje krav på produksjonstilskot (på den delen av produksjonen). Produksjonen skal ha eit næringsmessig preg, og krava til kva som kan definerast som vanleg i ulike produksjonar er no konkretisert i sentrale retningsliner. Rundskriv 2014-29, kap. 2.3 omtalar dette.

I retterundane for søknadsomgangen i januar 2015 vart det laga varselmeldingar for vanleg jordbruksproduksjon. Desse varselmeldingane skal vere eit hjelpemiddel i kommunen si sakshandsaming. Det må brukast skjønn og det må leggjast ei heilskapleg vurdering til grunn for å konkludere med om vilkåret for om kravet om vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt. Ein skal vurdere forhold som kan forklare avvik frå normal produksjon, og om desse tilseier at søkjaren likevel kan ha rett på tilskot. Nedanfor finn de ei oppsummering om rettleiande krav til vanleg jordbruksproduksjon.

#### Mjølke og storfe

Ein leveranse som er under halvparten av gjennomsnittet for regionen vil i utgangspunktet vanskeleg kunne karakteriserast som vanlig produksjon. Det kan vere særlege tilhøve som forklarar ein lågare leveranse, for eksempel sjukdom i besetningen, økologisk produksjon og lokal foredling. Ei heilskapleg vurdering, der ein ser på avdråtten over fleire år, skal leggjast til grunn. Mjølkeku og ammeku skal ha kalva i løpet av dei siste 15 månadane.

- Minimumsgrense for gjennomsnittsleveranse per mjølkeku er sett til 3 600 liter
- Minimumsgrense for gjennomsnittsleveranse per mjølkegeit er sett til 315 liter

Merk at ved økologisk produksjon og gamle rasar med lågare produksjon skal ein ta utgangspunkt i denne gjennomsnittsproduksjonen og avdråtten.

#### Sau

Det skal gjerast ei heilskapsvurdering av det enkelte føretaket. Låg omsetning på kjøt kan i visse tilfelle kompensast med høg omsetnad på andre produkt, eksempelvis skinn, Inn på tunet og gardsturisme, dersom sauene gjev grunnlag for annan inntektsbringande aktivitet eller produkt. Krav til produksjonen:

- Vaksne søyer, som ikkje skal utrangerast, skal parast
- Det er normalt å pare påsettlam, men dette er ikkje noko krav

- Reproduksjonsgraden skal ikkje vera vesentlig lågare enn gjennomsnittet frå Sauekontrollen (i varselmeldingane sett til 0,91 lammeslakt per sau over 1 år)
- Slaktevektene på lamma skal ikkje vere lågare enn 70 % av gjennomsnittet for den aktuelle rasen (i varselmeldingane sett til 13,5 kg for alle rasar)

I tillegg til dei sentrale krava har Fylkesmennene i vestlandsfylka konkretisert dette meir og sett følgjande rettleiande grenser for kva som er å rekna for vanleg produksjon når det gjeld slaktevekt og produksjon på ulike sauerasar. Tala er henta ut frå gjennomsnittsvekter frå Sauekontrollen. Vi legg også til grunn at hovuddelen av lamma skal vere slaktemodne om hausten.

Rase	Gjennomsnittlig slaktevekt	70 % av slaktevekt
Norsk kvit sau	19,7	13,79
Kvit spælsau	17,8	12,46
Farga spælsau	17	11,9
Gammalnorsk spælsau	14,8	10,36
Texel	19,5	13,65
Norsk pelssau	17,3	12,11
Nor-x	19,7	13,79
Sjeviot	17,7	12,39
Dala	18,7	13,09
Suffolk	17,7	12,39
Blæset	17,9	12,53
Gammalnorsk ("villsau") sau	12,9	9,03
Charolais	19	13,3
Rygja	17,7	12,39
Steigar	21,5	15,05
Grå trønder	17,2	12,04
Fuglestadbroket	18,2	12,74

(kjelde: Sauekontrollen, årsmelding 2013).

Tal verar i føretaket over eit år bør ikkje vere uvanleg høgt – utover det som er nødvendig for paring.

## Grovfôr

Avlingsnivået for grovfôrproduksjon på fulldyrka/overflatedyrka må minimum vere tilsvarende faktorane for maksimalavgrensing av grovfôrareal, tabell 4.6 i Rettleingshefte for PT, august 2014.

I sone 1-4	Høy:	400 kg/daa
	Høyensilasje :	500 kg/daa
	Surfôr:	1000 kg/daa
sone 5	Høy:	325 kg/daa
	Høyensilasje :	400 kg/daa
	Surfôr:	950 kg/daa

Dersom hausting av eit areal berre skjer ved beiting må følgjande opplysningar hentast inn frå føretaket for å finne avling på arealet: dyreslag, tal dyr og tal dagar med beiting.

Tabellen for fôropptak på grovfôrareal i vekstsesongen, som er nytta ved utrekning av erstatning ved avlingssvikt, kan vere eit hjelpemiddel i vurdering av avling ved beiting. Tabellen er henta frå «Forskrift om satser for beregning av erstatning og tilskudd ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon, av 30.06.2014».

Normer for fôropptak på grovfôrareal i vekstsesongen

	Mjølkekyr og ammeku	Øvrige storfe	Søyer med lam	Øvrige småfe	Hestar
Grovfôr, FEm/dag	7,5	3,5	3	1	4

## Frukt og bær

Retningsliner for frukt og bær kjem vi tilbake til seinare.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- Dyr  
- guleidam  
- tilleggsnaring

- bærpress

Kva er vanleg  
jordbruksproduksjon

